

# Nabovarsel for privatpersonar

Dette er ei rask forklaring på stega du må igjennom når du nabovarslar for å byggje eller rive.



## 1. Bestill nabolisten frå kommunen

Alle på denne lista må varslast. Står kommunen oppført på lista? Då må dei også varslast. Skal du rive noko? Då må du i tillegg varsle alle kreditorar og andre som har pant i eigedomen.




## 2. Fyll ut nabovarselet og samle alle vedlegga

Samle teikningane og annan dokumentasjon som naboane skal få. Lag kopiar av dette settet, så du har eitt til kvar nabo, og eitt ekstra som leggjast ved byggjesøknaden.



## 3. Del ut nabovarsel

Del ut nabovarsel til kvar nabo på nabolisten. Er det fleire eigarar/festrar av ein eigedom? Då må alle få eige varsel. Du kan kombinere leveringsmåtane A, B, C og D:



### A. Personleg overlevering

Leverer du nabovarselet på døra, kan naboen signere med ein gong på at dei har motteke varselet. Om naboen ikkje har innvendingar, kan dei samstundes signere på at dei samtykker til byggjeplanane.



### B. Sende på e-post eller sms

Varselet er berre gyldig om mottakar stadfestar at varselet er motteke. Automatisk svar held ikkje.

### C. Sende rekommendert

Hugs å få Posten til å kvittere for kven du har varsle. Svarfristen byrjar å gå frå datoен på kvitteringa. Naboen treng ikkje svare.

### D. Sende digitalt via Altinn

Svarfristen byrjar å gå frå datoén du sender varselet. Naboen treng ikkje svare. [Sjå kva slags søknadsløysingar som tilbyr digitalt nabovarsel her.](#)



## 4. Vent 14 dagar

Du må vente i 14 dagar før du sender byggjesøknaden til kommunen. Dette er fordi naboane skal ha tid til å setje seg inn i byggjeplanane dine, og kunne kome med merknader. Du slepp å vente om alle naboane stadfestar at dei samtykker til byggjeplanane.

## 5 A. Ingen merknader frå naboar?

Då kan du sende inn søknaden! Legg ved kvitteringane som viser at alle naboane har blitt varsle og ein kopi av nabovarselet med alle vedlegg.

## 5 B. Har nokon av dei gjeve merknader?

Vurder ut frå merknadene om du bør:

- Endre byggjeprosjektet og varsle alle naboane på nytt
- Sende inn byggjesøknaden som han er, med alle merknader og dine kommentarar til kvar enkelt merknad.

# Nabovarsel

Naboar som blir varsle skal behalde eit eksemplar av denne.  
Eit eksemplar sendast også til kommunen saman med byggesøknaden

## Eg har planar om å:

- |   |  |   |
|---|--|---|
| <input type="checkbox"/> Byggje tilbygg                           | <input type="checkbox"/> Rive tilbygg                | <input type="checkbox"/> Bruksendring                           |
| <input checked="" type="checkbox"/> Byggje frittliggjande bygning | <input type="checkbox"/> Rive frittliggjande bygning | <input type="checkbox"/> Anna (berre etter avtale med kommunen) |

Skildring av kva som eg skal gjere:

**Sprenga og planera for å laga plass til garasje.  
Bygga garasje.**

## Eigedomen eg skal gjere noko på:

Adresse: <b>Sætrevegen 59</b>	Gardsnr: <b>4631-438</b> Bruksnr: <b>44</b>
Postnr/stad: <b>5936 Manger</b>	Festenr: Seksjonsnr:
Kommune: <b>Alver</b>	

## Plan(ar) som gjeld for eigedomen:

- Kommuneplanen     Reguleringsplan     Andre plan(ar)

Namn/nummer på planen(ane): **Kommuneplan for Radøy 2011-2023. 12602013000200**

- Eg treng ikkje dispensasjon eller andre løye  
 Eg treng dispensasjon eller andre løye frå følgjande reglar/vilkår:

**Kommuneplanen: 3.4.2: Bygga i LNF-SBE. 3.4.2-C: Størrelse på garasje. 3.4.2-E: Terrenginngrep. Avstand fra nabogrense**

## Eg har lagt ved:

- Snitt-teikning ~~for og~~ etter     Fasadeteikningar ~~for og~~ etter     Situasjonskart som viser kvar eg skal byggje/rive

Andre vedlegg (t.d. søknad om dispensasjon): **Dispensasjonssøknad**

## Som nabo har du rett til å kome med merknader innan 14 dager

Om du ikkje har merknader er det til stor hjelpe om du gir meg beskjed, så slepp eg å vente 14 dager.

Du kan kontakte meg på adressa under om du har spørsmål, merknader eller samtykker til byggeplanene

Namn: <b>Eivind Myrtveit</b>	E-post: <b>eivind@myrtveit.com</b>
Adresse: <b>Sætrevegen 59</b>	Postnr/stad: <b>5936 Manger</b>

## Helsing

Dato: **1/6-23**

Underskrift: 